

# Vedtekter for Friluftsforeninga Volda



Foreininga sitt namn er FRILUFTSFORENINGA VOLDA. Org.nr.: 989947761.

## § 1 Formål

Friluftsforeninga Volda, heretter kalla Friluftsforeninga, har som formål å vere ei foreining for friluftinteresserte, med motto "Friluftsliv for alle, året rundt".

Foreininga skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv gjennom tilrettelegging og arrangement og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Sjå endringslogg nedst i dokumentet

## § 2 Organisasjon og tilknytning

Friluftsforeninga Volda er ein frittstående interesseorganisasjon. Friluftsforeninga skal ha eit nært samarbeid med barnehageforeninga "I Vêr og Vind".

## § 3 Medlemer

Alle som er interessert i friluftsliv og foreininga sin aktivitetar kan bli tatt opp som medlemer.

## § 4 Røysterett og valbare

Alle medlemmer har røysterett og er valbare til tillitsverv i foreininga

## § 5 Kontingent

Kontingent vert fastsett av årsmøtet

## § 6 Godtgjersle til tillitsvalde

Tillitsvalde har rett til refusjon for faktiske utgifter.

Refusjon for faktiske utgifter skal gå fram av rekneskapen.

## § 7 Årsmøte

Årsmøtet, som vert halde kvart år i mars, er foreininga sitt øvste organ.

Årsmøtet vert innkalla av styret med minst 1 månads varsel, ved kunngjering i pressa og på heimesida. Forslag som skal handsamast på årsmøtet skal være sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vere tilgjengeleg for medlemene seinast 1 veke før årsmøtet.

Alle medlemer har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å ta del.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemer med røysterett som møter. Ingen har meir enn ei stemme, og avstemming kan ikkje skje ved fullmakt.

På årsmøtet kan ikkje handsamast forslag om vedtektsendring som ikkje er oppført på sakslista seinast ei veke før årsmøtet. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av de frammøtte krev det. Slik avgjerd kan berre gjerast i samband med godkjenning av sakslista.

## § 8 Leiing av årsmøtet

Årsmøte skal leiast av vald dirigent. Dirigenten treng ikkje å være medlem av foreininga.

## § 9 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Handsame årsmelding
2. Handsame rekneskap i revidert stand
3. Handsame innkomne forslag
4. Fastsetje kontingent
5. Vedta budsjett
6. Velje:
  - a) Leiar og nestleiar
  - b) Styremedlemer og varamedlemer
  - c) Revisor

## § 10 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte vert halde når styret bestemmer det, eller minst ein tredjedel av de røysteføre medlemene krev det.

## § 12 Styret

Friluftsforeininga Volda vert leia av styret som er høgste mynde mellom årsmøta

Styret skal:

1. Setje i verk årsmøtet sine vedtak
2. Opprette, etter behov, komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide instruks for desse.
3. Administrere og føre nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi i samsvar med dei til kvar tid gjeldande instruksar og vedtak.
4. Representere foreininga utad.

Styret skal halde møte når leiaren krev det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak vert gjort med fleirtal av de røystene som vert avgitt. Dersom det er likt røystetal, gjeld leiaren si røyst dobbelt.

## § 13 Vedtektsendring

Endringar i disse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det vert kravd 2/3 fleirtal av dei som røyster.

## § 15 Oppløysing

Oppløysing av foreininga kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, vert det innkalla til ekstraordinært årsmøte 3 månadar seinare. For at oppløysinga skal skje må vedtaket her verte gjentatt med 2/3 fleirtal.

Økonomiske midlar skal fordelast i samsvar med vedtak i ekstraordinært årsmøte. (jf. samrøystes vedtak på årsmøtet 2020)

#### **Endringslogg:**

- **§15** – samrøystes vedtak av årsmøtet **2020**. **Tilføyning:** Økonomiske midlar skal fordelast i samsvar med vedtak i ekstraordinært årsmøte.
- **§1** – samrøystes vedtak i årsmøtet **2021**. **Endring:** Friluftsföreninga Volda, heretter kalla Friluftsföreninga, har som formål å vere ei foreining for friluftsfinteresserte, med motto "Friluftsliv for alle, året rundt". Foreininga skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv gjennom tilrettelegging og arrangement
- **§1** – samrøystes vedtak i årsmøtet **2022**: **Formål blir endra til** Friluftsföreninga Volda, heretter kalla Friluftsföreninga, har som formål å vere ei foreining for friluftsfinteresserte, med motto "Friluftsliv for alle, året rundt". Foreininga skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv gjennom tilrettelegging og arrangement og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.